

# Solveigfelling

Bolen er strikka opp til ermeopninga,  
Ermet er strikka til lengda det skal ha under ermet.

Bol og ermet skal kopløst saman:

- Sett av masker til kile på maskesamlar, eller tråd, under ermet og i sidene på bolen, omkring 6 maskar mønsteret avgjer kor mange som høver. Det er ein fordel når maskane skal sys saman at det er ei maske i forskjell på ermet og bol
- Raglanfelling 6 – 8 gonger. Fell 1 maske frå bol og ermet i kvar overgang, og så ein omgang utan felling.
- Nå må framstykke og bakstykke strikkast kvar for seg. Det må strikkast fram og tilbake. Framstykke blir strikka for seg så bakstykke for seg, og det andre framstykke dersom det er ei jakke. Det skal ikkje strikkast meir på ermet.
- På slutten av kvar pinne skal 1 maske frå ermet fellast ved at den blir strikka saman med siste maske frå bolen.
- Strikk fram og tilbake til det står att høveleg masketal til skulderstykke – omkring 11 maskar, (mønster og storleik avgjer nøyaktig kor mange maskar som skal vere att) nøyaktig masketal avheng altså av mønster og storleik på plagget.
- Pass på at masken frå bolen ligg øvst når det blir felt.  
På høgre side: 2 maskar strikkast rett saman.  
På venstre side: 1 maske laust av, strikk neste og trekk den lause over.



## Skulderstykket

- Start med dei 11 maskane på toppen av ermet. Strikk fram og tilbake ved å ta med ei maske frå bolen i lag med den siste - 11. masken.
- Strikk slik fram og tilbak til skulderstykket er langt nok og halsopninga blir passe stor.



## Linning i halsen

- Ta maskene som er att på skulderstykket og på bolen og strikk halskant. Bruk av skulderstykket gjer at ein ikkje må lage forskjell på fram og bak på denne modellen. Men når du har gjort dette nokre gonger kan du variere og også lage forskjell på framme og bak.
- Dersom halskanten skal vere dobbel avsluttast den med å sy den ned med maskesaum.

